



Kost og losji i 2007. Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering, fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil og rentefordel ved rimelege lån i arbeidstilhøve i 2007.

Skattedirektoratets satsar for kost i 2007 er auka frå 2006. Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og for husleige, lys og brensel fram til september 2006.

Skattedirektoratets forskottssats for trekkfri kostgodtgjering for arbeidstakarar som bur på pensjonat, er auka. Skattedirektoratets forskottssats for arbeidstakarar som bur på hybel/brakkedet det er høve til å koke mat, er uendra.

Skattedirektoratet har fastsett frådragsatsar for bruk av bil ved besøk i heimen. Fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil er omtalt. Trekkfri bilgodtgjering og rimelege lån i arbeidstilhøve er også omtalt.

Kunngjering av 21. desember 2006 om satsane for trekkpliktige naturalytningar i 2007 er teke inn som vedlegg.

1	Skattedirektoratets satsar for kost og losji for inntektsåret 2007	2
2	Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær	2
2.1	Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering	2
2.2	Frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær	2
3	Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2007	3
3.1	Frådrag for reiseutgifter ved heimbesøk	3
3.2	Trekkfri bilgodtgjering	3
3.3	Privat bruk av arbeidsgivar sin bil	3
4	Rimelege lån i arbeidstilhøve.....	3

1 Skattedirektoratets satsar for kost og losji for inntektsåret 2007

Med heimel i skattebetalingslova § 6 nr. 2, jf. § 2-1 i forskrift frå 21. juni 1993 om m. a. verdsetjing av naturalytingar, sjå melding Sk nr. 12/1993, har Skattedirektoratet fastsett følgjande satsar for verdien av fri kost og losji ved utrekning av forskottstrekk og ved likninga for 2007:

Fritt opphald (kost og losji)	kr 99 pr. dag
Fri kost (alle måltid)	kr 71 pr. dag
Fri kost (to måltid)	kr 55 pr. dag
Fri kost (eitt måltid)	kr 37 pr. dag
Fritt losji	kr 28 pr. dag
(eitt eller delt rom).	

Det er teke omsyn til endringane i konsumprisindeksen for matvarer og alkoholfrie drikkevarer og for husleige, lys og brensel frå september 2005 til september 2006.

Satsane gjeld for heile landet. Berre dagar arbeidstakaren faktisk får slike ytingar skal reknast med.

Blir Skattedirektoratets satsar nytta, skal desse gjelde for alle tilsette når trekk og arbeidsgivaravgift skal reknast ut, både i bokføringa og i lønnsoppgåva.

Satsane for fri kost skal nyttast same kva for stilling mottakaren har i verksemda, og kvar for seg for familiemedlemmer som får ytinga. For barn som ikkje har fylt 10 år innan utgangen av 2007, skal satsane for fri kost halverast.

Blir arbeidstakaren **trekt** for verdien av kost og losji etter satsar fastsette anten av Skattedirektoratet eller i tariffavtale, skal skattetrekk og arbeidsgivaravgift reknast av bruttolønn.

Dersom trekket i lønna er mindre enn satsane i tariffavtala og dessutan under satsane frå Skattedirektoratet, skal ein gi eit tillegg i bruttolønna. Tillegget skal vere lik differansen mellom direktoratet sine satsar og det beløpet som er trekt.

Dersom satsane for kost og losji i særlege tilfelle skulle verke klårt urimelege, kan ytingane setjast til ein lågare verdi **ved**

likninga. Det er føresetnaden at denne ordninga skal reserverast heilt spesielle tilfelle og difor berre kunne nyttast unntaksvis. Det er ikkje overlate til arbeidsgivarane å ta individuelle omsyn (nytte reduserte satsar) ved fastsetjing av trekkgrunnlaget.

Sjå òg den påtrykte kunngjeringa.

2 Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering og frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær

2.1 Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering

Forskottssatsane for trekkfri kostgodtgjering for 2007 er følgjande pr. døgn:

For arbeidstakarar som bur på pensjonat eller hybel/-brakke utan høve til å koke mat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost):

kr 261

For arbeidstakarar som bur på hybel/-brakke der det er høve til å koke mat eller har overnatta privat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost):

kr 169

Får arbeidstakaren i tillegg dekt eitt eller fleire måltid, må den trekkfrie godtgjeringa reduserast med 10 prosent for frukost, 40 prosent for lunsj og 50 prosent for middag (beløp skal rundast opp eller ned til nærmaste heile krone).

2.2 Frådrag for meirutgifter til kost ved lange daglege fråvær

Den satsen som blir nytta når arbeidstakar får godkjent kostutgifter ved samanhengande fråvær frå heimen på 12 timar eller meir, jf. takseringsreglane § 1-3-6, er for inntektsåret 2006 kr 75. Arbeidsgivaren kan for 2007 godtgjere slike utgifter trekk- og avgiftsfritt etter denne satsen.

3 Reiseutgifter ved besøk i heimen, trekkfri bilgodtgjering og fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil for inntektsåret 2007

3.1 Frådrag for reiseutgifter ved heimbesøk

Den satsen som blir nytta når pendlarar får godkjent reiseutgifter ved besøk i heimen, jf. takseringsreglane § 1-3-10, skal for inntektsåret 2006 vere kr 1,40 pr. km inntil 35 000 km pr. år og kr 0,70 pr. km over 35 000 km pr. år. Arbeidsgivaren kan for 2007 godtgjere slike utgifter trekk- og avgiftsfritt etter desse satsane. Skattedirektoratet kan ved prisauke heve satsane i inntektsåret.

3.2 Trekkfri bilgodtgjering

Bilgodtgjering er berre trekkfri når godtgjeringa blir utbetalt for yrkes- eller tenestekøyring som kilometergodtgjering etter statens reiseregulativ (særavtale) (eller lågare) og når krava til legitimasjon er oppfylt.

Ekstra kilometergodtgjering til tilsette i landpost- og lokalomdelingstenesta og til lensmenn og lensmannsbetjenter er ikkje trekkfri etter 1. mars 2006 (forskrifts- endring).

3.3 Privat bruk av arbeidsgivar sin bil

Bilar som fell innanfor dei standardiserte reglane (sjablonsystemet)

Fordel ved privat bruk av arbeidsgivar sin bil blir fastsett til 30 prosent av bilens listepreis som ny inntil 243 300 kroner, og til 20 prosent av overskytande listepreis.

For:

- bilar eldre enn 3 år pr. 1. januar i inntektsåret, eller
- skattytarar som godtgjer at yrkeskjøringa går over 40 000 km i inntektsåret, eller
- el-bilar

blir det ved utrekninga teke utgangspunkt i berre 75 prosent av bilens listepreis som ny (i staden for 100 prosent av listepreis), sjå avsnittet ovanfor.

Ved kombinasjon av to eller fleire av dei nemnde alternativa blir det berre rekna med 56,25 prosent (75 prosent av 75 prosent) av bilens listepreis som ny, med unntak av

kombinasjonen el-bil og yrkeskjøring over 40 000 km hvor det likevel blir rekna med 75 prosent av bilens listepreis som ny. Den reduserte listepreisen skal deretter multipliserast med den relevante prosentsetsatsen (/satsane) etter avsnittet ovanfor.

Som eksempel på når ein bil må reknast som eldre enn 3 år pr. 1. januar i inntektsåret, kan vi nemne ein bil som er førstegongsregistrert 5. januar 2004. Deretter legg ein til 3 år. Det gir datoen 5. januar 2007. Inntektsåret etter, dvs. 2008, blir bilen rekna som eldre enn 3 år pr. 1. januar i inntektsåret.

4 Rimelege lån i arbeidstilhøve

Når arbeidsgivaren har gitt eller formidla lån til rimeleg rente, skal det trekkjast skatt og reknast arbeidsgivaravgift av rentefordelen. Fordelen er differansen mellom renta rekna etter normrentesatsen og den faktisk påkomne renta. Normrentesatsen for januar og februar 2007 er **3,75 prosent**. Eventuelle seinare endringar vert kunngjort på www.skatteetaten.no under "Tabeller og satser". Modellen for berekning av normrenten opnar for seks moglege endringar i normrenten pr. år (1. januar, 1. mars, 1. mai, 1. juli, 1. september og 1. november). Rentefordelen skal reknast på dei aktuelle månadene. Del av månad skal reknast som heil månad. Regelen gjeld også når slike lån til dømes er gitt til arbeidstakaren sin ektemake eller sambuar.

Rentefordelen ved eit kortsiktig mindre lån frå arbeidsgivar blir ikkje rekna som skattepliktig inntekt. Vilkåra er at lånet, da det blei gitt, ikkje var større enn 3/5 av grunnbeløpet i folketrygda (pr. 1. januar 2007 svarande til kr 37 735), og tilbakebetalingstida er høgst eitt år.

Skattehorta for 2007 er skrivne ut på grunnlag av likninga for 2005, der ein eventuell skattepliktig rentefordel er teken med.

Skattytarar som tek opp nye lån og med dette får vesentleg skattepliktig fordel, bør endra skattehortet, sjå www.skatteetaten.no.

Skattetrekket i 2007

Satsar for trekkpliktige naturalytingar o.a.

Fri kost og losji	Satsar per døgn
Fritt opphald - kost og losji	kr 99
Fri kost - alle måltida	kr 71
Fri kost - to måltid	kr 55
Fri kost - eitt måltid	kr 37
Fritt losji - eitt eller delt rom	kr 28

Skattedirektoratets forskottssatsar for trekkfri kostgodtgjering

	Satsar
For arbeidstakarar som bur på pensjonat eller hybel/brakke utan høve til å koke mat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost)	kr 261
For arbeidstakarar som bur på hybel/brakke der det er høve til å koke mat eller har overnatta privat (og som ville hatt krav på frådrag for meirutgifter til kost)	kr 169

Fordel ved privat bruk av firmabil

Fordelen ved privat bruk av firmabil blir fastsett til 30 prosent av bilens listepreis som ny inntil kr 243 300 og 20 prosent av overskytande listepreis.

For:

- bilar eldre enn 3 år per 1. januar i inntektsåret, eller
- skattytare som godtgjer at yrkeskjøringa overstig 40 000 km i inntektsåret, eller
- el-bilar

blir det ved utrekninga i avsnittet ovanfor teke utgangspunkt i berre 75 prosent av bilen sin listepreis som ny. Ved kombinasjon av to eller fleire av punkta ovanfor reknast fordelene berre av 56,25 prosent av bilen sin listepreis som ny, med unntak av kombinasjonen el-bil og yrkeskjøring over 40 000 km der det likevel blir rekna med 75 prosent av bilen sin listepreis som ny.

Ved firmabilordning i delar av inntektsåret, blir fordelene fastsett forholdsmessig for det tal heile og påbegynte månader bilen har stått til disposisjon.

Trekkfri reisegodtgjering for heimreise for pendlar (ikkje dagpendlar) som arbeidsgivar dekkjer:

	Satsar
per km inntil 35 000 km per år	kr 1,40
per km over 35 000 km per år	kr 0,70

Kjøregodtgjering for yrkes- eller tenestekjøring er trekkfri dersom godtgjeringa samsvarer med satsane og vilkåra elles i statleg regulativ.

Rentefordel ved rimelege lån i arbeidsforhold

Normrentesats i januar og februar 2007 3,75 prosent

Eventuelle seinare endringar i rentesatsen vil gå fram av skatteetaten.no under "Tabeller og satser".

Andre trekkpliktige naturalytingar

Verdi av andre naturalytingar, sjå forskrift av 21. juni 1993 nr. 546, jf. Skattedirektoratets melding Sk nr. 12/1993.

Se også skatteetaten.no for meir informasjon.

Oslo, 21. desember 2006